

Utredning av skulestruktur: Kvalitet og kompetanse i skulane i Midt-Telemark Arbeidspakke skulestruktur



Innhold

Innleiing	3
Behov for innsparing	4
Arbeidspakker	4
Arbeidspakke skolestruktur	5
Mandat.....	5
Samansetting.....	5
Tidsline og stoppunkt	5
Tiltak: samlokalisering av Folkestad skule og Bø skule	6
Knappe ressursar.....	6
Elevtal og areal.....	6
Areal og antall grupper/ klasser	6
Antall elevar pr gruppe/klasse	7
Tilsette.....	7
ROS-analyse.....	7
Organisering av skulekvardagen	8
Elevenes medverknad og meningar	8
Skolestartarar 2024.....	8
Utvikling av elevtal over tid.....	9
Trafikkutfordringar	9
Skyssutgifter	10
Økonomi	10
Innsparing skule	10
Innsparing bygg	10
Innsparing IKT.....	11
Ekstra kostnad skule.....	11
Redusert rammetilskot.....	11
Tilråding	11
Resultata frå Forms-undersøkinga på Folkestad skule	14
Kommentarar til spørsmål.....	16



Innleiing

Denne utgreiinga er eit resultat av arbeidet som er gjort i Arbeidspakke skulestruktur.

Vi har vore igjennom ein prosess, der mange har fått medverke. Resultata av arbeidet går nå ut på høyring.

Tilrådinga frå administrasjonen:

1. Hausten 2024 startar alle nye 1. trinnselevar på Bø skule. Administrasjonen på Folkestad skule og Bø skule blir slått saman.
2. Hausten 2025 samlokaliseras 2.-7. trinn på Folkestad skule med Bø skule.

Denne skal nå ut på høyring til alle høyringsinstansar og alle som ønskjer å ytre seg.

Behov for innsparing

Bakgrunn for Arbeidspakke skulestruktur er at Midt-Telemark kommune per 31.12.23 hadde eit meirforbruk på om lag 20,5 MNOK. Sektoren har ein stor økonomisk utfordring i 2024 med eit vesentleg pålegg om nedtrekk. I tillegg må sektoren ta sin del av overforbruket i 2023 som må hentas inn innan utgangen av 2025.

Arbeidspakker

I 2023 blei det bestemt at oppvekstsektoren skulle gjennomføre tre arbeidspakker for å imøtekjemme innsparingskravet for 2023 (PØB IV). Målet var å gje elevane i Midt-Telemark eit meir likeverdig tilbod. To av arbeidspakkene blei gjennomført, men den tredje om skulestruktur blei utsatt av kapasitetsmessige grunnar.

I samanheng med PØB V – prosjekt økonomi i balanse blei det vedteken eit delprosjekt – Kvalitet og kompetanse i skulane i Midt-Telemark. Som ein del av prosjektet blei det oppretta tre arbeidspakker:

- Arbeidspakke skulestruktur
- Arbeidspakke Individuell tilrettelegging- base
- Arbeidspakke Individuell tilrettelegging- ordinær.

Tilrådinga som her blir gitt vil kun gjelde Arbeidspakke skulestruktur. Dei andre arbeidspakkene er det behov for å bruke meir tid på før vi kan komme med ei tilråding.



Arbeidspakke skolestruktur

Kommunestyret 12.02.2024 vedtok at ein kan sjå på skulestrukturen i Midt-Telemark kommune.

Mandat

Mandatet til Arbeidspakke skulestruktur var å ta utgangspunkt i kva som bidreg til kvalitets- og resultatforbetring i skulane våre. Oppgåva for medlemmane i arbeidsgruppa var å sjå på skulestruktur i kommunen for å få best mogleg kvalitet og ein mest mogleg funksjonell og effektiv drift. I den samanheng skulle vi sjå på skulekretsgrenser, samarbeid og eventuelle samlokaliseringar.

Samansetting

Det blei oppretta ei brei gruppe beståande av representantar frå alle skular, frå ulike tilsettegrupper, ulike fagforeiningar, PPT, vernetenesta og teknisk eining. Totalt har gruppa bestått av 12 til 13 personar.

Tidsline og stoppunkt

Det blei utarbeidd ei tidsline for arbeidet i Arbeidspakke skulestruktur. Vi starta med at styringsgruppa reiste ut på synfaring på alle skulane. Her fekk gruppa kartlagt moglegheiter og avgrensingar vedrørande skulestruktur. Etter det møtte styringsgruppa for å sjå på alle moglege alternativ for endringar. Vidare kalla vi inn til møte med HTV og HVO, og deretter møte med leiar og nestleiar i utvalet for oppvekst og kultur. Kommunalsjef for oppvekst informerte utvalet neste dag og kommunestyret uka etter, og fekk godkjenning for å jobbe vidare. Arbeidsgruppa har hatt fire møter frå vi starta 05.02.24. I tillegg til møta, har dei ulike deltakarane av gruppa jobba saman i ulike mellomarbeid. I tidslina er det satt opp ulike stoppunkt. Desse er satt opp for å belyse at det kan vere ulike grunnar som gjer at vi ikkje kjem vidare. Undervegs i prosessen har det vore særsviktig for administrasjonen å gje god informasjon ut til alle partar som er involvera. Mellom anna FAU, tilsettegrupper, føresettegrupper, elevråd og media.



Tiltak: samlokalisering av Folkestad skule og Bø skule

Etter befaringa styringsgruppa hadde, kom det fram mange ulike forslag til tiltak. Tiltaket som ga ein mogleg økonomisk innsparing, var å flytte Folkestad skule til Bø skule. Dette var det som gjekk opp angåande elevtal og med omsyn til det teknisk eining melder om av behov angående bygg. Det er viktig å presisere at dette forslaget til tiltak også vil vere gunstig med tanke på å samle fagkompetansen i eit større fagmiljø i skulane. Med tanke på problema vi står framfor (også nasjonalt) i forhold til rekruttering av lærarar, pedagogmangel og demografisk utvikling, ser vi også samlokalisering som ei løysing.

Knappe ressursar

Midt-Telemark kommune har sidan 2020 hatt store kutt i oppvekstsektoren og skulane har nedbemanna med 20 årsverk. Slik Folkestad skule driftast nå med ei så stram budsjetttramme, har det blitt svært sårbart og krevjande å gjennomføre den daglege drifta. Samtidig har det vore vanskeleg å få tak i kvalifisera vikarar som igjen fører til stor belastning på dei tilsette. Eit større fagmiljø kan vere meir berekraftig da vi håper det vil medføre auka rekruttering. Samtidig kan eit godt fagmiljø føre til at dei tilsette står i jobben sin.

Elevtal og areal

I arbeidsgruppa har vi sett på elevtal i samanheng med tilgjengeleg areal på Bø skule. Teknisk eining har teikna om og prøvd ut forskjellige løysingar. Eitt av forslaga var å sjå på moglegheiter til at elevane på Slettelibergja kan få base ein annan stad, for at brakkene kunne brukast til neste års 1. trinn. Dei ville da hatt ein meir skjerma overgang frå barnehage til skule. Det er godt uteområde rundt brakkene og det er mogleg å gjere større ved at huset i Lektorvegen 34 rivast. Etter tilbakemeldingar frå tilsette på skulen, kom ønskje om å bruke brakkane til praktisk-estetiske fag i staden for til 1. trinn. Det er opp til rektor og administrasjon i samhandling med dei tilsette å avgjere kva grupper/klasser og fag som skal vere kor.

Areal og antall grupper/ klasser

Ei av gruppene i Arbeidspakke skulestruktur fekk ansvar for å sjå på storleiken og bruken av lokala ved Bø skule. Den bestod av dei to rektorane, tillitsvald, verneombod og ein frå teknisk eining. Teikningane over Bø skule blei lagt fram og representanten frå teknisk eining laga gode forslag undervegs. Resultata av dette arbeidet var at ein så at det var mogleg å samlokalisere Folkestad skule



med Bø skule utan dei store ekstra kostandane. Per i dag har Bø skule 21 grupper/klasser på alle trinn. Ved ein samlokalisering vil det bli 26 grupper/klasser. Det vil seie at vi treng fem nye rom for å få plass til alle elevane på barnetrinnet i Bø-delen av kommunen.

Bø skule har i dag eigne SFO- rom som ikkje blir brukt som klasserom av skulen. For å få romkabalen til å gå opp, må skulen sambruka lokala meir. Av erfaring veit vi at mange skular rundt om i Noreg har slik sambruk. SFO vil få ein auka mengde elevar og dei må kanskje bruke fleire av dei nye grupperomma som blir etablert.

Ved å samle fleire elevar på Bø skule, vil det bli trongare arealmessig på heile skulen. Ein av tinga gruppa var oppteken av var tronge gangar og garderobar, både for elevar og tilsette. Teknisk eining har sett på plass og kva som er tillate når det gjeld dette. Kommunen er i dialog med miljøhygienisk avdeling på Notodden. Areal for hjelpetenesta har og vore drøfta.

[Antall elevar pr gruppe/klasse](#)

Gruppa har sett på elevtalet og gruppe-/klassestørleik ved ein samlokalisering. Bø skule har i dag grupper/klasser på opp til 28 elevar. Ved å samle Folkestad skule og Bø skule vil dei måtte gjere om på gruppene/klassene. Det fører til i at vi får grupper/klasser på mellom 19 og 25 elevar i kvart rom. Ingen grupper/klasser blir større ved ein samlokalisering. Det ser vi på som positivt for læringsmiljøet og for lærarane i klasserommet. Ein særskilt fordel vi ser er at når elevane skal over på ungdomsskulen, vil dei kome frå same skule og vere kjende med kvarandre. Det skapar tryggleik. Ved ein samlokalisering av skulane er det viktig å presisere at ein vil lage heil nye klassar. Dette til glede for nokon og andre vil føle bekymring kring slike endringar. Her vil padagogane ivareta den einskilde elev sine behov.

[Tilsette](#)

Ved å samle alle dei tilsette på Bø skule, vil vi få eitt brent fagmiljø med mykje kompetanse. Samtidig gir det oss moglegheitene til å utnytte lærarressursane meir effektivt. I og med utfordringar knytt til rekruttering, vil vi da få meir fleksibilitet og eit tryggare arbeidsmiljø.

[ROS-analyse](#)

Ei anna av gruppene i Arbeidspakke skulestruktur har laga ROS- analyser. Fokuset i ROS- analysane har vore plass/areal for elevar og tilsette, læringsmiljø, arbeidsforhold, tid, overgangar, parkering,

skulegard med meir. Desse ligg vedlagt i saken. Spørsmålet om rømmingsvegar og brannsikring er eit område som teknisk eining jobbar med.

[Organisering av skulekvardagen](#)

Rektorane ved begge skulane har sett på organisering av skuledagen. Med ein skule på om lag 560 elevar, vil det bli trøngt på uteområdet i friminutta. Det kan vere behov for å organisere friminutta ulikt for dei ulike trinna. På denne måten kan ein utnytte uteområda meir optimalt. Rigg av uteområdet vil ta noko tid, da det har kome ønskje frå elevane å flytte deler av utstyret og eventuelt skulehagen frå Folkestad skule.

[Elevenes medverknad og meningar](#)

Etter råd frå tilsette, føresette og leiarane ved skulane må det gjerast eit grundig arbeid når det gjeld å samanslå og endre grupper/klasser. Medlemmane i Arbeidspakke skulestruktur har meldt bekymring for at dette er eit stort arbeid som krev tid. Det er viktig at elevane blir førespeglia i god tid og at dei tilsette får tid til å bli kjende med elevane, slik at dei får eit godt utgangspunkt for å danne nye grupper/klasser. Kommunalsjef og ordførar har vore i elevråda på begge skulane, slik at elevane i elevråd på Folkestad og Bø skuler har fått uttale seg om skulesamanslåing. Det har vore viktig for kommunen at elevane skal kjenne seg trygge og ivaretatt i denne prosessen. Lærarane har vore gode til å lytte ut og møte spørsmål som har kome. Det har vore viktig å anerkjenne ulike kjensler som har dukka opp undervegs, også for dei sårbare elevane. Skulane vil i samarbeid framover ha høgt fokus på overgangen. Eit trygt og godt skolemiljø vil alltid stå på agendaen for begge skulane.

Det er det gjennomført ei Forms- undersøking til elevane på Folkestad skule. Der vil dei blant anna få spørsmål om kva dei syns om ein felles barneskule i Bø. Dei får og svare om dei har vene på dei to skulane. Svara på denne Forms- undersøkinga ligg som vedlegg til saka. Elevane ved Bø skule vil også få moglegheit til å svare på tilsvarende undersøking i høyringsperioden.

[Skolestartarar 2024](#)

Folkestad skule vil saman med barnehagane sørge for å lage ein god overgang for dei nye 1. trinnselevane som skulle starta på Folkestad skule til hausten.



Utvikling av elevtal over tid

Tabellen under viser utviklinga av elevtalet i Midt-Telemark frå 2016 til 2024. Tala er henta frå

Statistisk Sentralbyrå.

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring 2016/2024
0 år	95	116	106	105	83	92	91	89	100	-7
1 år	116	99	125	104	102	86	97	94	92	-24
2 år	112	111	103	131	105	100	87	108	97	-15
3 år	127	115	118	102	134	110	101	88	114	-13
4 år	108	131	119	118	94	132	113	109	89	-29
5 år	125	106	138	121	115	93	133	117	108	-17
6 år	129	131	116	127	116	115	94	136	119	-10
7 år	115	131	137	116	123	116	113	95	137	22
8 år	115	117	130	133	118	126	117	114	99	-16
9 år	145	116	121	131	127	122	126	117	118	-27
10 år	109	148	118	124	129	131	125	137	118	9
11 år	124	109	146	114	124	131	133	125	146	22
12 år	126	123	110	145	108	123	133	134	131	5
13 år	116	124	122	112	144	112	126	136	135	19
14 år	121	123	125	121	111	148	112	131	142	22
15 år	120	123	124	125	117	114	149	116	140	20
16 år	130	128	120	121	127	117	112	147	121	-9

Trafikkutfordringar

Arbeidspakke skulestruktur har sett på trafikkutfordringane ved ein samlokalisering. Allereie nå har Bø skule ein utfordring ved bringe- og hentesituasjonen ved skulen. Teknisk eining er godt i gong med å sjå på ei betre løysing. Vi må sikre at all ferdsel til og frå skulen blir trygg for elevane.



Skyssutgifter

Når det gjeld skyssutgifter for skulane, har vi rekna på meirkostnadene ved ein samlokalisering. Totalt vil det utgjere om lag 0,3 MNOK per år. Da er det rekna på alle dei ekstra elevane frå Folkestad til Bø.

Økonomi

Midt-Telemark kommune må spare penger. Oppvekstsektoren, og dei andre sektorane, må finne metodar for å redusere utgiftane. Det er likevel svært viktig å bevare og kanskje betre kompetansen i skulane. Det same gjeld for dei andre einingane i sektoren, med desse er ikkje omhandla i denne saka. Det er viktig at alle elevar får same tilbod uavhengig av kva skule dei soknar til. Den demografiske utviklinga i både Midt-Telemark og Noreg gjer at kommunane må ta grep. Det blir færre vaksne arbeidsføre og fleire eldre. Difør må ein sjå på ei meir effektiv drift av sektoren.

Sjølv om utgiftane må ned ønskjer ein å halde på dei gode folka som er i sektoren. Og ein ønskjer på sikt å kunne rekruttere fleire. Kommunen er nødt til å ivareta den kompetansen som er her.

Ingen av dei tilsette vil miste jobben. Målet er å samle, bevare og styrke fagmiljøa, utan at det skal koste meir. Delprosjektet «Kvalitet og kompetanse i skulene i Midt-Telemark» som denne arbeidspakka er et resultat av, har difor hovudfokuset på å bevare og/eller betre kvaliteten for alle elevane i skulen.

Innsparing skule

	2024	2025	2025/2026	2026
Administrative stillinger	om lag 0,4 MNOK	om lag 1,0 MNOK årleg		
Redusert grunnressurs			om lag 0,75 MNOK	om lag 1,8 MNOK årleg
Assistentressurs			om lag 0,5 MNOK	om lag 1,2 MNOK årleg

Innsparing bygg

	2024/2025	2025/2026
Innsparing	0,-	Inntil 2,0 MNOK årleg



Innsparing IKT

0,1 MNOK årleg. Samdrift og reduksjon i behov for kommunikasjon og utstyr. (Visningsutstyr, kopimaskinar, lisensar mm.)

Ekstra kostnad skule

	2024	2025	2026
Skyss	30 000,-	0,13 MNOK	0,3 MNOK årleg

Redusert rammetilskot

2026 Trekk i rammeoverføring 0,5 MNOK

Tilråding

Etter alle innspel vi har fått og utgreiing som er gjort i Arbeidspakke skulestruktur, har vi landa på følgjande plan:

1. Hausten 2024 startar alle nye 1. trinnselevar på Bø skule. Administrasjonen på Folkestad skule og Bø skule blir slått saman.
2. Hausten 2025 samlokaliseras 2.-7. trinn på Folkestad skule med Bø skule.

Gjennom heile prosessen har det vore viktig for oss i både Arbeidspakke skulestruktur og i administrasjonen å lytte til alle innspel som har kome. Det har vore eit bevisst val å reise rundt og informere bredt og opent om prosessen. Vi har tatt med oss alle gode råd og tankar som har kome, og må nå kome med ein konklusjon.

Gjennom alle møta vi har hatt med folk; elevar, tilsette, føresette, tillitsvalde og politikarar har den største bekymringa vi har møtt, vore tidsperspektivet. Folk har vore bekymra for at dette har gått litt fort i svingene. Det kan vi forstå. Like fullt har vårt mandat vore å sjå på moglegheiter og begrensningar. I arbeidsprosessen har det vore svært nyttig og trygt å samarbeide tett med teknisk eining. Dei har bidratt med byggeteknisk kunnskap som har vore heilt avgjerande for å kunne gjere gode vurderinger. Samtidig har det vore viktig at politikarane har latt oss få lov til å undersøke ulike løysingar.



Det første vi starta med å undersøke var om det i det heile tatt var mogleg å gjennomføre ein samlokalisering med bakgrunn i elevtal og areal. Vi veit at elevtalet i kommunen går nedover, i følgje statistikkar. Like fullt er det uvisse kor mange nye elevar som flyttar til kommunen. Skulane i kommunen har fått fleire nye elevar som kjem som flyktningar. Kva som skjer i framtida, er det umogleg å seie noko sikkert om. Vår foreløpige konklusjon er at det er plass til alle elevane i Bø-delen av kommunen i same bygg på Bø skule. Det er likevel viktig å sjå på korleis ein utnyttar lokala best mogleg. Det tar tid å bygge ein ny organisering. Etter alle undersøkingar, ser vi at det er mest hensiktsmessig å bruke meir tid på å lage ein god felles skule. Vi vel derfor å fordele trinna i samlokaliseringsprosesen over to skuleår. Da rekk lærarane å lage ein god rigg for gruppene/klassene på kvart trinn. Elevane på Folkestad skule får ein tryggare overgang ved at dei kan bli kjende med Bø skule gjennom ulike felles aktivitetar og treff.

Første steget i planen for samlokalisering er at alle 1.trinnselevane i Bø frå hausten 2024 startar på Bø skule. Grunnen for dette, er at dei nye skulestartarane skal sleppe å få to overgangar. Det blir viktig å utarbeide gode planar for at dei nye elevane blir kjende med Bø skule og at dei blir godt ivaretatt. Allereie nå har dei som tilhøyrar Folkestad skule, hatt besøksdagar der oppe. Det må derfor lagast eit godt opplegg, slik at borna kan få fleire besøksdagar på Bø skule denne våren. Det blir her viktig at det blir eit tett samarbeid mellom føresette, barnehagane og skulane. Herunder kjem også det med gruppeinndeling for 1.trinn ved Bø skule. Vi tenker det er fornuftig for å ivareta elevar, føresette og tilsette.

Ei anna endring vi foreslår er at administrasjonen på Folkestad skule og Bø skule blir eitt felles leiarteam frå hausten 2024. Dette inneber at dei som nå sitt i leiinga både på Folkestad skule og Bø skule, saman kan lage ein ny struktur og organisering av Bø skule. Det betyr ikkje at Folkestad skule vil vere utan leiar, ei heller Bø skule. Leiinga må fordele tida si jamt på dei to skulane.

Skulane i Midt-Telemark har nynorsk som målform. Regleverket er bygd opp slik at dersom det er fleire enn 10 elevar som ønskjer bokmål, kan det oppretta eigne grupper/klasser for det. *Når minst ti elever på ett av årstrinna 1-7 i en kommune ønsker skriftlig opplæring på et annet hovedmål enn det kommunen har vedtatt, har de rett til å tilhøre en egen elevgruppe, jf. opplæringsloven § 2-5*



fjerde ledd. Per i dag har dei fleste elevane valt bokmål som målform på Bø skule, mens på Folkestad skule har alle nynorsk som målform. Elevane frå Folkestad skule har rett til å behalde nynorsk som målform ved ei samlokalisering med Bø skule.

Eit spørsmål administrasjonen fekk frå politisk hald, var å sjå på skulekrinsar og skulekringsgrenser. Det vi har kome fram til, er at det er vanskeleg å endre skulekrinsar utan at elevane får betydeleg lengre skuleveg. Tilhøyrsla til nærskulen blei difor vanskeleg å forsvare. Opplæringslova § 8-1 første ledd første og annet punktum lyder slik: *Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærmest eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.* Midt-Telemark kommune har eigne forskrifter om skulekringsgrenser. For å ivareta lovelegheita ved å samlokalisere Folkestad skule og Bø skule, må det lagast nye forskrifter. Desse må vere vedtekne politisk før 01.08.2025. Når det gjeld skulekringsgrenser for neste skuleår og samlokalisering av 1.trinn, må kommunen lage nye midlertidige skulekringsgrenser som må vedtakast før skulestart hausten 2024. Kommunen har vore i samtale med Statsforvalter i Vestfold og Telemark og avklart dette.

I samtalene med Statsforvalteren i Vestfold og Telemark kom det fram at dei to stega i framlagt forslag, må henge saman. Ein kan ikkje vedta det eine aleine. Det betyr at ein ikkje kan vedta enten punkt 1 eller punkt 2 kvar for seg.

Resultata frå Forms-undersøkinga på Folkestad skule


Elevane ved 4.-7. trinn (80 elevar) på Folkestad skule fekk lov til å utale seg gjennom ei undersøking. Her er kva elevane svara

1. Kor godt trivst du på Folkestad skule? (0 poeng)

[Flere detaljer](#)

 Innblikk

4.08
Gjennomsnittlig vurdering



2. Har du vene i klassen du går i nå? (0 poeng)

[Flere detaljer](#)

 <i>Ja</i>	78
 <i>Nei</i>	2



3. Har du vener på Bø skule? (0 poeng)

[Flere detaljer](#)

 Innblikk

 *Ja*

65

 *Nei*

15




4. Kva syns du om at alle barneskulebarn i Bø skal gå på ein felles skule? (0 poeng)

[Flere detaljer](#)

 Innblikk

2.02
Gjennomsnittlig vurdering




5. Kor lyst har **du til** å fortsette på Folkestad skule? (0 poeng)

[Flere detaljer](#)

 Innblikk

4.21

Gjennomsnittlig vurdering




6. Kor lyst har **du til** å gå på Bø skule? (0 poeng)

[Flere detaljer](#)

 Innblikk

2.05

Gjennomsnittlig vurdering



Kommentarar til spørsmåla

1. Ut i frå dette kan vi sjå 48% av dei som har svara trivst meget godt på skulen.
2. Dei aller fleste elevane ved Folkestad skule har vene på skulen.
3. 65% av dei som svarar har vene på Bø skule
4. 45% ynskjer ikkje at det skal bli ein skule i Bø. 32% synst det er greit at det blir ein skule.
5. 56% av dei som svara har lyst til å fortsette på Folkestad skule
6. 46% har ikkje lyst til å gå på Bø skule.

